

Har kjøpt Eik Røyr sitt anlegg på Børnes.

22.12.2016



Arvid Hjelmeland og Uskedal Røyr og Multiservice flytter til Børnes.

**Arvid Hjelmeland og Uskedal Røyr og Multiservice har no overteke Eik Røyr sin eigedom med varelager på Børnes industriområde. Firmaet og firmanamnet Eik Røyr er ikkje seld. Eik trappar no ned og vert pensjonist, medan salget styrkjer det relativt nye Uskedalsfirmaet..**

Arvid Hjelmeland [starta Uskedal Røyr og Multiservice for om lag eitt år sidan](#), og kan no sjå tilbake på det første driftsåret som eit godt år. Firmaet har hatt bra med arbeid, og det ser også godt ut framover. Til no har dei hatt kontor ved sida av Byggeriet, men med kjøpet på Børnes vert kontoret flytta dit. Der vert også varelageret. Primærdelen av drifta er innan røyrleggjarfaget. Med allsidig bakgrunn tar dei også på seg arbeid innan andre fagfelt. Hjelmeland har som mål at Uskedal Røyr og Multiservice skal verta eit lite kjekt firma i Uskedalen med 3-4 tilsette med tida. No er dei to då Hjelmeland har med seg Thomas Eide. Med kjøpet på Børnes har Hjelmeland teke firmaet eit stort steg vidare. Dei vil framleis driva under same namn, Uskedal Røyr og Multiservice.

Eik Røyr har vore eit godt omtykt røyrleggjarfirma i lokalmiljøet. Dei har alltid hatt dugande fagfolk, som er kjende for å gjera godt og fint arbeid. Siste åra er det Nils B. Eik sjølv og Knut Steinsletten som har arbeidd i verksemda. Dei har opparbeidd seg ein fast kundekrets, og desse vil framleis kunne ha glede av ha eit Uskedalsfirma som tilbyr tilsvarande tenester.

Nils B. Eik er godt nøgd med at ein fagmann som fremjar kvalitet, no overtek anlegget på Børnes. Dette er med og sikrar at den gode røyrleggjartradisjonen som har vore i Uskedalen, vert ført vidare.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland